

# Søknad om tilskot til bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling i Bergensområdet.

**Merknad:** KMD40250 Tangen

**Tilskotsordning:** Bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling.

**Prosjektnamn:** Forprosjekt til regionalt bustadbyggeprogram - balansert og variert bustadtilbod i regionsentera

## Kontaktopplysingar

| Funksjon                | Namn  | Adresse/poststed  | Telefon/e-post                                |
|-------------------------|---|---|---|
| Søkar /prosjekt-eigarar | Hordaland fylkeskommune<br>Askøy kommune<br>Fjell kommune<br>Lindås kommune<br>Os kommune | Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen<br>Klampavikvegen 1, 5300 Askøy<br>Foldnesvegen 1, 5354 Straume<br>Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø<br>Rådhuset, Torggata 7, 5202 Os |   |
| Kontaktperson           | Kjetil Bø Omarstrand  | Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen  | tlf: 40806285/<br>kjetil.bo.omarstrand@hfk.no |
| Prosjektleiar           | Kjetil Bø Omarstrand  | Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen  | tlf: 40806285/<br>kjetil.bo.omarstrand@hfk.no |

## Bakgrunn

Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017 – 2028 (RATP) vart vedteke i Fylkestinget 14. juni 2017. Den overordna målsettinga i planen er at bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion som utnyttar både samfunnsressursar og infrastruktur på ein effektiv måte. Planen legg til rette for samordna planlegging og eit klimavenleg- og arealeffektivt utbyggingsmønster i Bergensområdet. Den skal også bidra til at transportveksten i bergensområdet skjer i tråd med nullvekstmålet, og takast med kollektiv, sykkel og gange. RATP er ein integrert del av byvekstavtalen mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og staten som skal gjelda for åra 2017 – 2023. Byvekstavtalen mellom staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vart signert 28.06.2017 og er godkjent av alle partane. Avtalen skal reviderast seinast våren 2018, og det skal bli vurdert om avtalen skal utvidast til å inkludera regionsenterkommunane i bergensområdet; Askøy, Fjell, Lindås og Os kommune.

Hordaland fylkeskommune inviterte Bergen, Askøy, Fjell, Lindås og Os kommune til eit felles møte 19. oktober med føremål om å orientere kring status og vilkår i samband med midlane som er innvilga frå tilskotsordninga til KMD, samt diskutere konkretisering og gjennomføringa av prosjekta. Askøy kommune og Os kommune hadde dessverre ikkje anledning til å delta på møtet. I samband med den fornya utsynsa av tilskotsmidlar vart det i møtet 19. oktober bestemt at Hordaland fylkeskommune skulle sende ein ny felles søknad på vegne av regionsenterkommunane i bergensområdet og Bergen kommune. Kommunane vart involvert og deltar etter deira behov og evne.

## Prosjektomtale

Som ein del av oppfølginga av tiltak frå handlingsprogrammet til RATP (2017-2021), er det eit ønske om å få utarbeid eit felles og retningsgivande bustadbyggeprogram for bergensområdet. Som ledd i utarbeidingsa av forprosjekt til regional bustadbyggeprogram, tek prosjektet sikte på å gjennomføre ei arealanalyse som skal undersøke fortettingspotensialet i regionsentera i bergensområdet, og ein moglegheitsstudie om balansert bustetnad i regionale vekstsoner i bergensområdet med vekt på barnefamiliar. I arealanalysen ønsker vi å kartlegge areal som er tilgjengeleg for bustadbygging i regionsentera inkludert potensielle transformasjonsområder. I moglegheitsstudien ønsker vi å undersøke kva som skal til for å oppnå eit balansert og variert tilbod av bustadar innanfor dei regionale vekstsonene i bergensområdet. Det skal vere eit spesielt fokus på korleis ein kan legge til rette for at barnefamiliar vil etablere seg i sentrums- og fortettingsområda. Arealanalysen og moglegheitsstudien skal bidra til å definere innhald og aktuelle tema til regionalt bustadbyggeprogram for bergensområdet.

## **Prosjektmål**

Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag som bidrar til å nå målsettingane i RATP om at bergensområdet skal ha:

- attraktive og gunstig lokaliserte areal til bustader som dekker eit langsiktig behov
- eit balansert tilbod av bustader av ulik type og storleik for å dekke behovet for alle hushaldstypar og livsfasalar
- eit utbyggingsmønster som effektivt utnyttar samfunnsresursar og infrastruktur og er i tråd med null-vekstmålet, og som bevarer regional grøntstruktur og kulturminneverdiar.

## **Resultatmål**

1. Arealanalyse- fortettingspotensialet i regionsentera i bergensområdet
2. Moglegheitsstudie – korleis oppnå balansert og variert tilbod av bustader i regionale vekstsoner i bergensområdet
3. Definere innhald og aktuelle tema til regionalt bustadbyggeprogram for bergensområdet

## **Aktivitetar**

- Administrativt forarbeid og forankring i regionsenterkommunane
- Definere konsulentoppdrag og opprette kontrakt, følgje opp konsulentoppdrag
- Medverknadsprosessar og kompetansebygging
- Gjennomføre GIS-analyser av fortettingspotensialet i regionsentera i bergensområdet
- Prosessverkstader for utarbeiding av forprosjekt til regionalt bustadbyggeprogram for bergensområdet

## **Milepærar**

Oppstart: januar 2018

Avslutning: desember 2018

## **Kostnadsplan**

| <b>Forprosjekt til<br/>regionalt bustadbyggeprogram – balansert og variert bustadtilbod i regionsentera</b> | <b>2017-2018</b> |
|---|------------------|
| Administrative utgifter – eigeninnsats fylkeskommunen   | 200 000          |
| Administrative utgifter – eigeninnsats frå kommunane  | 300 000          |
| Gjennomføring av verkstader   | 250 000          |
| Konsulentoppdrag  | 500 000          |
| SUM   | 1 250 000        |

## **Finansieringsplan**

I denne fasen er kostnadane i stor grad knytt til eigeninnsats og utlegg til verkstader. Vi søker om inntil 50 % kompensasjon for ressursbruk i samband med gjennomføring av prosjekta. Ytterlegare avklaring må gjerast i samarbeid med kommunane.

| <b>Forprosjekt til<br/>regionalt bustadbyggeprogram – balansert og variert bustadtilbod i regionsentera</b> | <b>2017-2018</b> |
|---|------------------|
| Fylkeskommunen  | 350 000          |
| Kommunane   | 300 000          |
| Staten ved KMD  | 600 000          |
| SUM   | 1 250 000        |